



Saksbehandlar: Katrine Røkke Wilson, Innkjøpstenesta
Sak nr.: 18/7940-1

Innkjøpsstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:

Innkjøpsstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1.

Vedlegg:

Vedlegg 1 Innkjøpsstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

Fylkesrådmannen viser til FT-sak 2/2018 Forvaltningsrevisjon av innkjøp – Revisjonsrapport. Fylkestinget ber fylkesrådmannen i punkt 3a av vedtaket, om følgjande:

«oppdatere strategi og rutinar, slik at desse vert i samsvar med nytt regelverk».

Denne saka er ei oppfølging av den delen av tiltaket som må handsamast politisk.

I samband med nytt regelverk for offentlege anskaffingar gjeldande frå 01.01.2017, er ikkje gjeldande innkjøpsstrategi rett i høve dei lovheimlane det er vist til i strategien. I tillegg er lovheimelen om samfunnsansvar styrka samanlikna med tidlegare lovverk. Fylkesrådmannen har i sitt arbeid med justering av strategien også sett mot Difi sine anbefalingar og god innkjøpspraksis på desse punkta. Innkjøpsstrategien er endra i høve dette, jamfør vedlegg 1.

Gjennomgang av endringar

1. Referanse til lovgrunnlaget er endra slik at det samsvarar med gjeldande regelverk frå å vere spesifikt til å vere generelt.
2. Siste kulepunkt under 2 Hovudmål for innkjøpsarbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune er endra frå «Fylkeskommunen skal leggje vekt på ein høg standard innan helse, miljø og tryggleik» til «Fylkeskommunen skal leggje vekt på miljø, menneskerettar og andre samfunnsomsyn i sine anskaffingar.» Krav til helse, miljø og trykkleik (HMT) vart tatt ut av anskaffingsregelverket da lovgjevar mente dette var godt nok ivaretatt andre stader i lovverket. I staden har krav om samfunnsomsyn blitt sterkare.
3. Punkt 3.ii i gjeldande strategi lyder slik:

For å sikre helse, miljø og tryggleik skal fylkeskommunen:

- stille relevante krav til universell utforming i alle innkjøp
- stille gode miljøkrav til ytingar i alle innkjøp der dette er tenleg

Fylkesrådmannen tilrår nytt punkt 3.ii, slik:

For å sikre krav til miljø, menneskerettar og andre samfunnsomsyn skal fylkeskommunen:

- stille relevante krav til universell utforming i alle innkjøp
- stille krav til grunnleggjande menneskerettar i relevante innkjøp
- ved behovsvurdering av ein eventuell anskaffing, skal klima og miljøomsyn vere sentrale vurderingspunkt
- stille gode miljø- og klimakrav til ytingar i alle innkjøp der dette er tenleg
- stille krav knytt til sosial dumping i relevante innkjøp

Som følgje av fylkessamanslåing med Hordaland frå 01.01.20 må ein felles innkjøpsstrategi utarbeidast. Fylkesrådmannen har difor ikkje no tilrådd andre endringar i strategien enn dei som er naudsynte i høve nytt regelverk.